

**SAKSUTSKRIFT**

Arkivsak-dok. 20/01739-35  
Saksbehandler Håvard Stensønes

**Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet - sluttbehandling**

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Kommunestyret	26.11.2020	74/20

**Kommunestyret har behandlet saken i møte 26.11.2020 sak 74/20****Habilitet**

Margrethe Svinvik ba om å få vurdert habiliteten sin. Svigerfar har hytte på Svinviknesset.  
Bergsvein Brøske ba om å få vurdert habiliteten sin. Dagleg leiar i Todalsfjordprosjektet AS.  
Nils Petter Tønning ba om å få vurdert habiliteten sin. Styremedlem i Todalsfjordprosjektet AS.

Gunda Jorid Bele, Silje Beate Guldbrandsen Holten og Stian Faksnes tok sete og blei med i vurderinga og avstemminga i habilitetsspørsmåla.

**Votering**

Margrethe Svinvik vart samrøystes erklært inhabil. Jf. Fvl. §6, a.  
Bergsvein Brøske vart samrøystes erklært inhabil. Jf. Fvl. §6, e.  
Nils Petter Tønning vart samrøystes erklært inhabil. Jf. Fvl. §6, e.

Etter forslag frå Lars Inge Kvande vart Annett Ranæs samrøystes valt som settevaraordførar i denne saka.

Innleiing v/planprosjektleder Anna Myrstad Strand frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

**Forslag**

Lars Inge Kvande sette fram følgjande tilleggsforslag:

Kommunestyret i Surnadal er glade for at fjordkryssingsprosjektet har kommet så langt at det nærmer seg en realisering. Vi er spesielt fornøyde med at veieier, Møre og Romsdal Fylke, så tydelig har signalisert og vist vilje og evne til å sette seg i førersetet i prosessen med å få realisert Todalsfjordprosjektet.

Vi er også fornøyde med å allerede kunne se at det opprinnelige trafikkgrunnlaget har tredoblet seg, og vi tror at dette også vil virke positivt inn på mulighetene for å få et tilstrekkelig trafikkgrunnlag for også å bidra til en fornyelse av FV 65 nordover opp mot Trondheim.

Kristiansund, Tingvoll og Rindal kommuner er viktige for realiseringen av prosjektet, da de som gode nabokommuner som sammen med oss og Sunndal kommune ser på prosjektet som svært viktig i utviklingen av samferdselsårene på Nordmøre, og viser dette med å gå aktivt inn med driftstilskudd i prosjektet for å sikre realiseringen.

Kommunestyret ber om at man i det videre reguleringsarbeidet jobber ekstra med følgende punkter;

1. Valg/arbeid med vegtrasé, jfr. figur 68., på side 21. Det jobbes videre med veg/fylling/skjæring med blå farge med målsetting om å få plassert veglinjen fra brua og opp til rundkjøringen enda mer mot nord (til venstre på plankartet). Det blir gjort vurderinger rundt mulighetene for å kunne få til en gang og sykkelveg fra brua og opp til rundkjøringen.
2. Aktivt involvere grunneierne i valg av eventuell støyskjerming slik at denne blir utformet på en best mulig måte sett fra grunneierne sin side.
3. Samkjøring av reguleringsplanarbeidet for både kommunedelplan fv. 670 Todalsfjordprosjektet og reguleringsarbeidet med «Kommunedelplan for Trollheimstunnelen og rv. 671 Åsbøen - Halset bru». Den som reelt sett i dagens situasjon gjelder strekningen fra Øygarden til Åsbøen gjennom Nordvik. Dette fordi Todalsfjordprosjektet er et Å til Å prosjekt – fra Åsbøen i Surnadal kommune til Ålvundfossen i Sunndal kommune.
4. Om det i reguleringsplanperioden viser seg at flytebroteknologien utvikler seg slik at en flytebro blir realistisk så er kommunestyret positive til at dette blir tatt med i reguleringsplanarbeidet. Dette fordi en flytebro vil kunne sikre en enda gunstigere vegtrasé fra broa og opp til rundkjøringen. Jfr. Pkt. 5.3.1. side 19 i planomtalen.
5. Det blir utarbeidet et klimaregnskap i det videre planarbeidet.

MDG v/Eli Vullum Kvande sette fram følgende forslag:

Surnadal kommune vedtar ikke kommunedelplanen om Todalsfjordprosjektet.

Rakel Polden sette fram følgende tilleggsforslag,:

Kommunestyret ber om at det blir gjennomført en konsekvensutredning fra et eksternt firma med tanke på Kulturminne/Kulturmiljø i Svinvika før reguleringsplanen skal behandles.

Forslaget er underskrive av Rakel Polden, AP, Eli Vullum Kvande, MDG, Laila B. Aune, AP, Ole Stensby, SV, Jorid Aarvåg, AP, Olav Bergheim, AP.

## **Votering**

1. Forslaget frå Eli Vullum Kvande vart sett opp mot kommunedirektøren si innstilling. Forslaget frå Eli Vullum Kvande fall med 5 mot 22 stemmer.
2. Dei tre første avsnitta i tilleggsforslaget frå Lars Inge Kvande vart vedteke med 26 mot 1 stemme.
3. Pkt. 1 i tilleggsforslaget frå Lars Inge Kvande vart samrøystes vedteke.
4. Pkt. 2 i tilleggsforslaget frå Lars Inge Kvande vart samrøystes vedteke.
5. Pkt. 3 i tilleggsforslaget frå Lars Inge Kvande vart samrøystes vedteke.
6. Pkt. 4 i tilleggsforslaget frå Lars Inge Kvande vart samrøystes vedteke.
7. Pkt. 5 i tilleggsforslaget frå Lars Inge Kvande vart samrøystes vedteke.
8. Forslaget som Rakel Polden sette fram vart samrøystes vedteke.

## Kommunestyrets vedtak

I henhold til Plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Surnadal kommunestyre kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet med følgende plandokument:

Planomtale datert 11.11.20

Plankart datert 12.11.20

Planbestemmelsar datert 11.11.20

Kommunestyret i Surnadal er glade for at fjordkryssingsprosjektet har kommet så langt at det nærmer seg en realisering. Vi er spesielt fornøyde med at veieier, Møre og Romsdal Fylke, så tydelig har signalisert og vist vilje og evne til å sette seg i førersetet i prosessen med å få realisert Todalsfjordprosjektet.

Vi er også fornøyde med å allerede kunne se at det opprinnelige trafikkgrunnlaget har tredoblet seg, og vi tror at dette også vil virke positivt inn på mulighetene for å få et tilstrekkelig trafikkgrunnlag for også å bidra til en fornyelse av FV 65 nordover opp mot Trondheim.

Kristiansund, Tingvoll og Rindal kommuner er viktige for realiseringen av prosjektet, da de som gode nabokommuner som sammen med oss og Sunndal kommune ser på prosjektet som svært viktig i utviklingen av samferdselsårene på Nordmøre, og viser dette med å gå aktivt inn med driftstilskudd i prosjektet for å sikre realiseringen.

Kommunestyret ber om at man i det videre reguleringsarbeidet jobber ekstra med følgende punkter;

Valg/arbeid med vegtrasé, jfr. figur 68., på side 21. Det jobbes videre med veg/fylling/skjæring med blå farge med målsetting om å få plassert veglinjen fra brua og opp til rundkjøringen enda mer mot nord (til venstre på plankartet). Det blir gjort vurderinger rundt mulighetene for å kunne få til en gang og sykkelveg fra brua og opp til rundkjøringen.

Aktivt involvere grunneierne i valg av eventuell støyskjerming slik at denne blir utformet på en best mulig måte sett fra grunneierne sin side.

Samkjøring av reguleringsplanarbeidet for både kommunedelplan fv. 670 Todalsfjordprosjektet og reguleringsarbeidet med «Kommunedelplan for Trollheimstunnelen og rv. 671 Åsbøen - Halset bru». Den som reelt sett i dagens situasjon gjelder strekningen fra Øygarden til Åsbøen gjennom Nordvik. Dette fordi Todalsfjordprosjektet er et Å til Å prosjekt – fra Åsbøen i Surnadal kommune til Ålvundfossen i Sunndal kommune.

Om det i reguleringsplanperioden viser seg at flytebroteknologien utvikler seg slik at en flytebro blir realistisk så er kommunestyret positive til at dette blir tatt med i reguleringsplanarbeidet. Dette fordi en flytebro vil kunne sikre en enda gunstigere vegtrasé fra broa og opp til rundkjøringen. Jfr. Pkt. 5.3.1. side 19 i planomtalen.

Det blir utarbeidet et klimaregnskap i det videre planarbeidet.

Kommunestyret ber om at det blir gjennomført en konsekvensutredning fra et eksternt firma med tanke på Kulturminne/Kulturmiljø i Svinvika før reguleringsplanen skal behandles.

## Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet - sluttbehandling

### Kommunedirektørens innstilling:


I henhold til Plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Surnadal kommunestyre kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet med følgende plandokument:

Planomtale datert 11.11.20

Plankart datert 12.11.20

Planbestemmelsar datert 11.11.20

### Saksopplysninger



Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet har vore til høyring og offentlig ettersyn og er no klart for sluttbehandling.

I løpet av høyringsperioden har det kome inn ei rekkje uttalar frå offentlege høyringspartar, interesseorganisasjonar og privatpersonar. Møre og Romsdal fylkeskommune og Surnadal kommune har gjennomgått alle merknadene og kommentert dei i planomtalen kapittel 9.2. Kommunedirektørene i både Surnadal og Sunndal kommune er enige i vurderingane som er gjort til merknadene. Endringane som er foreslått i plandokumenta er omforent mellom fylkeskommunen og kommuneadministrasjonane.

Saksframlegget er delt inn i deler:

Del 1 omhandlar behandling av merknader og endringar i planomtalen.

Del 2 viser endringar i planbestemmelsane.

Del 3 beskriv endringar i plankartet

### **OPPSUMMERING AV KOMMENTAR OG ENDRING GJORT I PLANMATERIALE**

#### **1. Behandling av merknader og oppdatering av planomtalen**

Fylkeskommunen har kommentert dei enkelte uttalene i sin heilskap i planomtalen kapittel 9.2. Ei oppsummering av hovudelementa i uttalene og hovudelementa i tilbakemeldinga frå fylkeskommunen er vist under. Ei oppsummering av endringane som er gjort i planomtalen som fylgje av en intern gjennomgang, er også presentert under. Dette gjeld tema kultur og friluftsliv. Vi viser i denne samanheng til brev sendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune den 28.010.2020.

Planomtalen inneheld enkeltelement som ikkje er med i denne oppsummeringa.

### 1.1 Kulturminne/kulturmiljø i Svinvika

Det har kome fleire tilbakemeldinga både frå privatpersonar, næringsaktørar og offentlege myndighete knytt til kulturminne/kulturmiljø i Svinvika.

Planomtalen, planføresegn og plankart er difor endra. Vi viser i hovudsak til brev frå fylkeskommunen til Surnadal og Sunndal kommune datert 28.10.2020, i tillegg til andre merknader som er omtala i kapittel 9.2 i planomtalen.

#### 1.1.1 Endringar i planomtalen

Fylkeskommunen har oppdatert planomtalen slik at synergieffekten mellom Svinvik arboret og Svinvik gard kjem klarare fram. Avbøtande tiltak er skildra, men detaljane i desse vil fyrst bli avklart i reguleringsplanarbeidet. Ein vil sjå på moglegheitar for å knyte saman de ulike miljøa, undergangar, skjæringar, fyllingar, beplanting mm

#### 1.1.2 Endringar i konsekvensanalysen

Ein gjennomgang med kulturmyndigheita viste at konfliktomtalen og konklusjonane i konsekvensutgreiinga er utført på manglande kulturfagleg grunnlag idet vesentlege kulturminneverdiar som Svinvik arboret ikkje er tilstrekkeleg synleggjort i utgreiinga. Konsekvensutgreiinga er no endra og oppdatert.

Før var kulturarv sett til påverknadsgrad «foringa» og konsekvensgraden sett til «betydeleg (- -)». Dette er no endra i samråd med kulturmyndigheita. Påverknaden blir no sett til «sterkt forringa» og konsekvensgraden blir sett til «alvorleg miljøskade (- - -)».

Sidan delområde Svinvika har høgt konfliktpotensial er delområde utslagsgivande for den samla konsekvensvurderinga for tema kulturarv. Den samla vurderinga kulturarv er endra frå «noko negativ konsekvens» til «**stor negativ konsekvens**».

#### 1.1.3 Endringar i plankart

I plankart var det berre Svinvik gard som var omfatta av omsynssone. Når Svinvik arboret ikkje er markert med omsynssone, vart dette lett tolka som at konfliktnivået er nedskalert samanlikna med Svinvik gard. Då dette ikkje var rett presentert, er omsynssona no endra slik at både arboretet og garden har same omsynssone.

Svinvik arboret og Svinvik gard gir synergieffekt til kvarandre og forsterkar kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap. I dag har området høg formidlings- og opplevingsverdi. For at omsynssona skal representere faktisk situasjon har fylkeskommunen valt å leggje omsynssona som ei sone, og ikkje splitta denne med ei omsynssone på kvar side av vegen. For å sikre at det framleis kan byggjast veg i omsynssona er planføresegna til omsynssona endra. Meir om dette i punkt 2.3.

Omsynssona er også utvida i sør-vest (bukta rund Svinvik gard) slik at den også omfamnar SEFRAK-registrerte bygningar som ligg her. Som ein følgje av dette er også planavgrensinga justert til også å omfamne eit naust.

## 1.2 Justering av vegtrasé i Svinvika

Det har kome fleire tilbakemeldingar på at ein ynskjer justering av vegtrasé i Svinvika.

I Svinvika er vegen planlagt utan såkalla «nabokurve», og det er behov for fråvik på neste plannivå. Vegen er planlagt i samsvar med dimensjoneringsklasse Hø1 (handbok N100, versjon 2013). Etter at vegen blei prosjektert har det kome ny handbok (2019) som inneber at ein i dimensjoneringsklasse Hø1 kan redusere minste horisontalkurveradius frå 250 meter til 225 meter. Det betyr at ein kan bygge ein venstresving som er litt krappare, og ytterligare redusere tap av dyrka mark vest for den nye vegen.

I tillegg ynskjer fylkeskommunen å arbeide vidare med moglegheita for å justere vegtraséen for å ivareta alle omsyn i Svinvika. For at ein i reguleringsplanfasen skal kunne gjere dette, er det behov for å utvide foreslått vegareal i plankartet. I praksis inneber ikkje dette at meir landbruksareal vert omdisponert, berre at ein får eit større handlingsrom til å gjere gode tilpassingar når det kjem til landbruk, kultur og landskap. Seinare planfase har då handlingsrom til å velje mellom dei skisserte kurvene med ulik horisontalkurveradius, og justere linjeføringa til vegen. Planomtale for alternative løysingar kapittel 5.3.2 er oppdatert. Plankart er endra med justeringsmoglegheit.

I reguleringsplanfasen kan det også vere aktuelt å auke stigninga til 8 prosent og senke rundkjøringa/T-krysset, dette vil gi lågare fyllingar. Konsekvensar blir at skjeringa på Todalsvegen blir høgare. Fylkeskommunen vil arbeide vidare med detaljane i reguleringsplanfasen. Planomtalen kapittel 5.1.5 er oppdatert.

## 1.3 Friluftsliv i Svinvika

Fleire tilbakemeldingar både frå privatpersonar, næringsaktørar og offentlege myndigheiter er knytt til friluftsliv i Svinvika.

I lys av desse merknadene, samt brev frå Møre og Romsdal fylkeskommune den 28.10.2020, er planomtalen og konsekvensutgreiinga for friluftsliv endra. Ein ser nå på friluftsopplevinga i samanheng med kulturmiljøet i Svinvika.

### 1.3.1 Endringar i planomtalen

Fylkeskommunen har endra planomtalen slik at ein ser kulturlandskap, kulturminne og kulturmiljø meir i samanheng med friluftsopplevinga for området.

### 1.3.2 Endringar i konsekvensanalysen

Før var tema friluftsliv/by- og bygdsliv knytt til delområde Svinvika sett til påverknadsgrad «forbetra» og konsekvensgraden sett til «noko forbetring (+)». Dette er no endra. Påverknaden blir no sett til «sterkt forringa og konsekvensgraden er sett til «betydeleg (- -)».

Sidan delområde Svinvika har høgt konfliktpotensiale er delområde utslagsgivande for den samla konsekvensvurderinga for tema friluftsliv/by- og bygdsliv. Den samla vurderinga er endra frå «positiv konsekvens (svakt)» til «stor negativ konsekvens». Ranginga av alternativa er også endra som fylgje av dette. 0-alternativet er no rangert som nr. 1.

#### 1.4 Endring av konklusjon for ikkje-prissatte konsekvensar i konsekvensanalyse

Som ei følgje av endringa i pkt. 1.1 – kulturarv og 1.3 – friluftsliv, blir den samla konklusjonen for ikkje-prissatte konsekvensar endra. Før var konklusjonen at planen hadde noko negativ konsekvens. Kriteriet for at den samla vurderinga blir «noko negativ konsekvens» er at alternativet er noko dårligare enn referanse-alternativet. Maks eit tema kan ha middels negativ konsekvens. Ingen temaa kan ha dårligare.

Sidan delkonklusjonen for friluftsliv og kulturarv er at planen gir «stor negativ konsekvens» betyr dette at minst to av dei fem temaa har stor negativ konsekvens. Dette gjer at alternativet fører til stor

miljøskade og den samla vurderinga er endra i samsvar med dette. Vi viser i denne samanheng til Tabell 6-7 i handbok «V712 Konsekvensanalyser», som vist under:

Skala	Trinn 3: Kriterier for fastsettelse av samlet konsekvens for ikke-prissatte temaer
Kritisk negativ konsekvens	Alternativet medfører svært alvorlig miljøskade. Brukes unntaksvis. Minst ett av de fem temaene har kritisk negativ konsekvens
Svært stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre svært stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har svært stor negativ konsekvens
Stor negativ konsekvens	Alternativet vil medføre stor miljøskade. Minst to av de fem temaene har stor negativ konsekvens
Middels negativ konsekvens	Alternativet er vesentlig dårligere enn referansealternativet Minst to av de fem temaene har middels negativ konsekvens
Noe negativ konsekvens	Alternativet er noe dårligere enn referansealternativet Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Ubetydelig konsekvens	Alternativet vil ikke medføre vesentlig endring fra referansealternativet Positive og negative konsekvenser oppveier hverandre. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere.
Positiv konsekvens	Alternativet vil være bedre enn referansealternativet Minst to temaer med positiv konsekvens. Maks ett tema kan ha middels negativ konsekvens, ingen temaer kan ha dårligere
Stor positiv konsekvens	Alternativet vil være vesentlig bedre enn referansealternativet Overvekt av temaer med positiv konsekvens. Ingen temaer kan ha dårligere enn noe negativ konsekvens.

#### 1.5 Jordvern og dyrka mark

Fleire merknader uttrykker uro over omfanget av omdisponering av dyrka mark som følgje av vegprosjektet.

Kommunedelplanen opnar for at inntil 56 daa med dyrka mark og innmarksbeita kan verte omdisponert til vegformål. I Svinvika er det tale om mindre justeringar eller avbøtande tiltak som kan gjerast, det same gjeld Rakanestet. På Ålvundfoss er det opna opp for to alternative plasseringar av tunnel-påhugget der det sørlege alternativet er mykje gunstigare når det gjeld omsynet til landbruk.

Sett under eitt vil det blir krevjande å unngå omdisponering av dyrka jord i dette prosjektet. Fylkeskommunen vil likevel i det vidare arbeide for å redusere dei negative konsekvensane. Dette inneber å arbeide for gode løysingar for arrondering, tilførsesveggar og vatnføring knytt til dyrka mark. Ein vil også sjå på linjeføringane for å redusere omfanget av høg fylling mot dyrka areal. Vi

legg til grunn handboka «Jordmassar – frå problem til ressurs – ta vare på matjorda» i vidare planlegging og gjennomføring av prosjektet. Fylkeskommunen vil arbeide for at storleiken av nydyrking motsvarer det som vert nedbygd.

### 1.6 Val av tunnelpåhugg

Fleire uttalar er knytt til val av tunnelpåhugg. I all hovudsak er det særlege alternativet ønskeleg. Uttalane peiker på at dette alternativet er gunstigare for dyrka mark, naturmangfald, stigningsforhold for tungtransport, område for skredsikring og utfordring knytt til vedlikehald dersom det nordligaste alternativet blir valt.

Utfordringar knytt til plassering av tunnelpåhugget er omtala i planomtalen. Fylkeskommunen tar merknadene med til reguleringsplanfasen der endeleg plassering av påhugget vil bli vurdert på eit meir detaljert grunnlag enn det som lar seg gjere på kommunedelplannivå.

### 1.7 Omsyn for ras- og flaum

Område for potensiell fare for jord- og flaumskred er oppdatert i plankart. Nytt område ligg i Svinvika under omsynssone H320 med tilhøyrande planføresegn.

### 1.8 Plassering av massedeponi

Fleire innspel gjeld plassering av massedeponi. Fylkesmannen peiker på at det er ein mangel at massedeponi berr er omtala og ikkje plassert innanfor planområdet si avgrensing (med tilhøyrande planføresegn). Fylkesmannen varslar framtidig motsegn mot massedeponi på Åbithaugen. NVE legg til grunn at avklaring av arealbruken vil skje i eigne planprosessar med utgreiing av konsekvensar både i høve til grunnforhold og vassdragsmiljø. Fleire privatpersonar gir innspel til plassering og stiller areal for massedeponi til disposisjon.

Fylkeskommunen vil gjere ei avklaring av areal som er eigna for massedeponi/-lager både i anleggsperioden og i driftsfasen i arbeidet med reguleringsplan. Når det gjeld handtering av massane vil fylkeskommunen arbeide for at dette skjer på ein samfunnstenleg måte, og at det vert lagt til rette for at massar kan kome til nytte i andre prosjekt seinare.

### 1.9 Vurdering av naturmangfaldet

Fylkesmannen og andre peiker på at planomtalen har ein svakheit knytt til naturmangfald. Det er knytt usikkerheit til korleis avbøtande tiltak er tenkt gjennomført.

Det er ikkje funne vesentlege naturverdiar ved Ålvundfossen, Rakananeset eller Svinvika, ref. planomtalen kap. 4.7 Naturmangfald. Sør og nord for planområdet ved Ålvundfossen er det registert hjortevilt. På Rakanaset legg planomtalen til grunn at det er hjortevilt i området. I Svinvika er det registrert beiteområde og vinteropphaldsområde for hjort og rådyr. Referansen til kartlegging av naturmangfald i planomtalen er: SWECO: «Kartlegging av naturtyper i forbindelse med Todalsfjord-prosjektet i Todal og Sunndal kommuner, Møre og Romsdal», p.nr. 10206303, rev. 01, 15.08.2019. Fylkeskommunen vil jobbe vidare med løysingar som motverkar påkøyrse av vilt i reguleringsplanen.



#### 1.10 Vassdrag

Uttaler peiker på at vassdrag med årvisvassføring må visast med eigna arealføremål Bruk og vern av sjø og vassdrag i kommunedelplanen, og kantsonene langs desse sikrast gjennom føresegner.

Ålvundelva er ikkje del av kommunedelplanen. Fylkeskommunen er merksam på at det likevel vil vere behov for eit naturleg vegetasjonsbelte i dette området, samt andre område med mindre bekkar i tråd med rapport «Hydrologiske vurderingar for veglinjer Ålvundfoss». Dette vil bli tatt hand om i samband med vidare handsaming av reguleringsplanen. Planomtalen kapittel 5.2.1 er oppdatert i tråd med dette.

#### 1.11 Vegtrasé frå Øygarden til Åsbøen

Både Statens vegvesen og eit grendalag peiker på utfordringa med å gjennomføre vegprosjektet slik han ligg føre i kommunedelplana utan å samstundes sjå på eksisterande veg forbi Nordvik (Øygarden- Åsbøen) i samanheng.

Planomtalen er merksam på at strekninga Øygarden-Åsbøen har dårleg framkome. Ein vil gjere ein meir inngåande vurdering av dei trafikale tilhøva mellom Svinvik og Åsbøen i det vidare planarbeidet, sjølv om denne strekninga er utanfor denne kommunedelplanen.

#### 1.12 Forvaltning av mineralressursane

Når det gjeld omtale av det eksisterande området er planomtalen oppdatert med merknad frå Direktoratet for mineralforvaltning slik at det vert tydeleg at det føreslåtte planområde i aust ligg innanfor lausmasseområde.

#### 1.13 Støyforhold

Fleire av merknadane er knytt til støyproblematikk frå komande vegtrafikk. Busetnader i Svinvika og Ålvundfoss er delvis omfatta av gul omsynssone i kommunedelplanen. Det er gitt føresegn om støykjensleg utbygging innanfor sona. Meir nøyaktige berekningar vil bli gjennomført i reguleringsplanfasen, og då vil også behov for støytiltak bli vurdert nærare.

#### 1.14 Moglegheiter for andre traséval

Fleire merknader uttrykker ønske om å sjå på andre traséval, det gjeld særleg Svinvika.

Det er vurdert fleire alternativ for løysingar i eit forprosjekt utført av Statens vegvesen Region midt i mars 2015. Forprosjektet vurderte tunnel til Todal, undersjøisk tunnel, og fleire brutraséar. Forprosjektet rådde til å arbeide vidare med tunnel frå Ålvundfossen og hengebru eller flytebru frå Rakaneset til Svinvika. Surnadal kommunestyret slutta seg til tilrådinga i vedtak den 07.05.2015, Sunndal kommunestyre den 13.05.2015 og Fylkestinget i vedtak den 15.06.2015. Vurderingane som

ligg til grunn for val av Rakaneset-Svinvika som alternativ for å krysse Todalsfjorden kjem fram av planomtalen. Forslag til kommunedelplan og traséval bygger på premissane for dei politiske vedtaka.

## **2. Planføresegner**

### **2.1 § 2.1 – Krav om detaljregulering**

Det er inga nedre grense for tiltaksomgrepet som følgjer av Pbl. § 1-6. Føresegna som er foreslått, inneber difor eit svært omfattande plankrav. Etter ein intern gjennomgang av planføresegna ser vi at det ikkje er behov for å sette eit plankrav som i praksis gjer at eksisterande bustad- og landbrukseigedommar må vente på ei reguleringsplan eller søke om dispensasjon for å utføre eigne byggjeprojekt som ikkje forhindrar realisering av Todalsfjordprosjektet. Vi foreslår difor å endre planføresegn § 2.1 frå:

«Før det kan gjennomførast tiltak i samsvar med kommunedelplanen skal det ligge føre godkjent reguleringsplan»

Til:

**«Ny F671 mellom Surnadal og Sunndal kommune («Todalsfjordrosjektet») med tilhøyrande anlegg, skal ikkje byggast før det føreligg vedtatt detaljreguleringsplan».**

På denne måten vil omsynet bak føresegn § 2.1 kome betre til uttrykk då det er vegprosjektet som genererer plankrav, og ikkje sette unødvendig skrankar for bustad- og landbrukseigedommar som er omfatta av planen.

Endringa av føresegna er bere ei presisering og vi ser difor ikkje at endringa medfører ei realitetsendring som inneber andre konsekvensar enn tidlegare foreslått føresegn.

### **2.2 § 2.2 – Byggjegrense**

Eksisterande forslag er motstridande då den både lagar ei planføresegn om byggjegrense langs fylkesveg, samtidig som den uttrykker at byggjegrense framkjem av veglova. Kven som skal fatte vedtak/ha myndigheit til å innvilge fråvik frå fastslått byggjegrense er avhengig av om byggjegrense framkjem gjennom ei planføresegn (kommunen) eller av veglova (vegmyndighet for fylkesveg – Møre og Romsdal fylkeskommune).

Vi ønsker difor å presisere ordlyden i planføresegn § 2.1 frå:

«Byggjegrense langs ny fv. 670 er 50 meter frå vegen si senterlinje. Byggjegrense langs veg følgjer elles av veglova § 29, andre ledd, der ikkje anna er vist i tilgrensande planar»

Til:

**Byggjegrense langs veg er:**

- 50 meter frå riksveg
- 50 meter frå fylkesveg
- 15 meter frå kommunal veg
- 15 meter frå gang- og sykkelveg (anten vegen er riksveg, fylkesveg eller kommunal veg).

På denne måten kjem byggjereguleringane tydeleg fram i planføresegnane, samtidig som det vert klart at vedtakskompetanse knytt til byggjeregulering i framtida ligg hos kommunen, med vegmyndigheit som høyringspart (ved fråvik).

Setninga om at «der ikkje anna er vist i tilgrensande planar» går ut, fordi det er ikkje anledning for ein kommunedelplan å overføre planføresegn frå andre planar som ikkje er omfatta av kommunedelplanane, når dette ikkje er presisert nærare.

Endringa av føresegnane er berre ei presisering, og vi ser difor ikkje at endringa medfører ei realitetsendring som inneber andre konsekvensar enn tidlegare foreslått føresegn

### 2.3 § 6.6 – Omsynssone H570

I lys av endring av planomtalen, konsekvensanalysen og plankartet var det nødvendig også å endre planføresegnane til omsynssone H570. For ytterlegare grunngeving for endringa viser vi til gjennomgangen i pkt. 1. Planføresegnane er endra frå:

«Innanfor område vist som omsynssone H570 skal det takast særlege omsyn til kulturmiljøet knytt til Svinvik gard. Området skal ikkje nyttast med utbygging av ny fv. 670.»

Til:

**Innanfor område vist som omsynssone H570 skal det takast særlege omsyn til kulturmiljø knytt til Svinvik gard og Svinvik arboret.**

## 3 Plankart

### 3.1 Omsynssone for ras- og skred

Omsynssona for ras- og skred er endra slik at den også omfattar eit område i Svinvika kor det er kjent fare for flaumskred. Dette er gjort i tråd med uttale frå NVE.

### 3.2 Omsynssone for kulturmiljø H570


Omsynssona er endra slik at den også omfattar Svinvik arboret. I tillegg er det gjort mindre justeringar i bukta til Svinvik gard, slik at omsynssona også omfattar SEFRAK-bygningar. Dette er ein utviding av omsynssona samanlikna med regional delplan for kulturminne, men blir sett på som ei riktig vurdering då heilheta av kulturarven kjem klarare fram.

Omsynssona omfattar berre ei sone og er ikkje delt av vegen. Planføresegnane opnar for at veg skal kunne leggjast i omsynssona.

### 3.3 Justeringsmoglegheit for vegtrasé i Svinvika

Ref. omtale i punkt 1.2 er avsett areal til veg utvida. I praksis inneber ikkje dette at meir landbruksareal vert omdisponert, berre at ein får eit større handlingsrom til å gjere gode tilpassingar når det kjem til omsyna i Svinvika. Seinare planfase har då handlingsrom til å velje

mellom dei skisserte kurvene med ulik horisontalkurveradius, og justere linjeføringa til vegen.



Bilde 1 Utviding av vegformål vestover for å ta høgde for krappare horisontalradius

### 3.4 Justering av plana si avgrensing

Som ei følge av einærare gjennomgang med kulturavdeling hjå fylkeskommunen er det gjort ei mindre justering av planen si avgrensing slik at planen også omfattar eit SEFRAK-registrert naust i Svinnvika. Sjølv om ikkje dette området er tenkt bruka til ein ny vegtrasé, er det viktig at naustet er omfatta av kommunedelplana, slik at omsynssona omfamnar heile kulturarven i Svinnvika.



Bilde 2 Utviding av planområdet til omfatte naust i Svinvika. Nytt plankart til høgre

## Vurdering

Møre og Romsdal fylkeskommune og administrasjonen i Surnadal kommune har gjennomgått og vurdert innkomne merknader til planforslaget. Det har ikkje kome innsigelsar til planforslaget. Det er foreslått endringar av både planomtale, plankart og planbestemmelsar. Endringane er ikkje av ein slik art at det blir vurdert til å vere behov for ny høyring.

## Vedlegg

Uttale frå Surnadal arbeiderparti

Uttale frå Kystverket - Kommunedelplan Fv 670 -Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Kristina og Tore Svinvik - Todalsfjordprosjektet

Uttale frå NVE - Offentleg ettersyn - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard - Fråsegn til høyring og offentlig ettersyn av kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Nordmøre Museum - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Røv Mølle AS - Todalsfjordprosjektet

norgeskart-utskrift.todalsfj.20 (1) (1).pdf

Høringssvar Todalsfjordprosjektet.docx

Uttale frå Marisa Forså - Merknader til kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Todalen grendalag - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Møre og Romsdal Bonde og Småbrukarlag - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå John Bjarne Svinvik - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Vedlegg A - Info NW Solutions og Flytebru.pdf

Vedlegg B - BroRykkjemKvanne.jpg

Uttale frå Jordvern Møre og Romsdal - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Hanna Svinvik - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Statens vegvesen - Kommunedelplan for Todalsfjordprosjektet

Uttale fra Møre og Romsdal fylkeskommune -kommunedelplan - Todalsfjordprosjektet

Uttale frå Tingvoll kommune - Todalsfjordprosjektet - kommunedelplan for kryssing av Todalsfjorden

21070 Planomtale\_kdp\_fv670\_Todalsfjordprosjektet 296283\_1\_1  
21070 Kommunedelplan\_Surnadal 13.11 296285\_1\_1  
21070 Føresegner\_kdp\_fv\_670\_Todalsfjordprosjektet 296286\_1\_1

RETT UTSKRIFT  
DATO 1.desember.2020